

Uttale frå SSU ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

Vi i SSU har registrert at kommunedirektøren ikkje meiner at det er samanheng mellom nærskuletilbod og bulyst i grendene. Det er ikkje vår erfaring. I SSU er det heimflyttarar representert som ikkje ville komme om det ikkje var skule. Same signal kjem og frå andre heimflyttarar i skulekrinsen, det er uttalt av elevrådet og FAU, og det er familiar som vurderer heimflytting som no har sett det på vent.

Mykje er sagt i denne saka, både i media og på dialogforum, og vi tek ikkje opp igjen alt i dette skrivet. Vi vil i hovudsak peike på tynt grunnlag å ta avgjerda på.

ROS-analysen er vag , økonomiske, praktiske og psykososiale utfordringar er peika på, men ikkje svara ut på ein ordentleg måte. Det er ikkje vist til plan for korleis dei skal løysast og kva det vil koste.

Døme:

- Utbetring av trafikksituasjonen på Øye-området
- Utbetring av gulbygget
- For få klasserom og trengsel på Subus
- Mangel på grupperom og praktiske rom
- Plassmangel på uteområdet ved Subus
- Overtal tilsette
- Kompenserande tiltak for lang busskyss
- Belastning på psykisk og fysisk helse ved lang busstur
- Tap av fritid og utanforskap
- Avfolking av grendene

Vi saknar berekraftige løysingar på praktiske og psykososiale utfordringar og konkrete tal på kostnadane. Utan konkrete løysingar og tal, har ikkje politikarane god nok informasjon om kva ei samanslåing vil gje av innsparingar og konsekvensar.

Om kostnadane til utbetringar og kompenserande tiltak blir store, har de lagt ned grendeskulane med dei ringverknadane det har for elevar, familiar, nærmiljø og lokalsamfunn, og samtidig gjort situasjonen på subus enda meir pressa. For inga vinning. Det blir dyrt!

Vi håpar at dei folkevalde ikkje vil gå så drastisk til verks, for å spare summer som er marginale i samanhengen og høgst usikkert om faktisk er reelle, når det i tillegg er usikkert om det i det heile er muleg å kompensere for utfordringane. Å kompensere for lang reisetid stiller vi oss uforståande til korleis kan gjerast?

Elevrepresentantane til stades peikar i møtet på tida som går med til buss, og at det er drygt å sitte så lenge på buss. Dei meiner vi skal starte privatskule om skulen blir lagt ned, for dei vil gå på skule her.

Vi registrerer at alle innspel og signal som kjem frå folket er udelt negative til å legge ned grendeskulane og flytte elevane innover til SUBUS. SSU ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter oppmodar alle kommunepolitikarane til å høyre på innbyggjarane, tenk langsiktig og stem for "barnets beste"!

Elles stiller vi oss 100 % bak FAU ved oppvekstsenteret sin høyringsuttale.

Mvh

Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

NB: Vi reagerer sterkt på at nedlegging/flytting av barnhagen i Bøfjorden blir nemnd i høyringsdokumentet, da det ikkje høyrer heime i ei skulestruktursak.

Til stades:

Kenneth Haarstad; rep. Bæverfjord skule (føresett)(leiar ssu), Arne Henning Johnsen; rep. Administrasjon/einingsleiar (sekretær), Ida Myrvold; rep. Bæverfjord barnehage (føresett), Line Bævre Sættem; rep. Bæverfjord skule (føresett), Siv Elisabeth Svendsli; rep. Bøfjorden barnehage (tilsett), Lisa Forslund; rep. Bæverfjord skule (tilsett), Amalie Solem; rep. elevråd, Marianne Svensli; rep. elevråd

(Ikkje til stades: Kristin Nyhagen; politisk vald representant, Liv Ingrid Kvande; rep. tilsette undervisning, Liv Jenny H. Bredesen; rep. andre tilsette skule, Daniel Haarstad-Bøe; rep. Bæverfjord skule (føresett), John Olav Baatvik; rep. Bøfjorden barnehage (føresett))